

Solid resultat for Trelastlageret

10.08.2013



Dagleg leiar Finn Guddal har grunn til å vera fornøgd med utviklinga i firmaet

Grenda har no starta den årlege gjennomgangen av rekneskapane for fjoråret i kommunen og det går fram at Uskedal trelastlager fekk eit solid resultat.

Den tradisjonsrike verksemda hadde ei driftsinntekt på 15 269 000 kroner, eit driftsresultat på 839 000 og eit årsresultat på 518 000 for 2012 mot 514 000 for 2011.

Dagleg leiar Finn Guddal seier til uskedalen.no at det mellom anna var eit storprosjekt i Neslia i Rosendal som gav det gode resultatet. Det gjekk ut på å rusta opp eit burettslag. Generelt seier han at det er gode tider og dei held fram i 2013.

Eit anna prosjekt i fjor som var positivt var leveransen til utvidinga av SPAR og ellers ein jevnt god aktivitet som held fram i dette året. Guddal håpar difor på eit like godt resultat i 2013.

Han har nyleg tilsett ein ny snikkar og no er det 8 tilsette i verksemda,

Av Ola Matti Mathisen.